



## KRITERIAR FOR TRYGGE LOKALSAMFUNN (TL)

Luster kommune forpliktar seg gjennom intensjonsavtalen til å sette i verk ein intern prosess i høve

TL-metoden og gjere sitt beste for å etterleve dei åtte kriteriane for trygge lokalsamfunn:

### 1. KUNNSKAPSBASERT INNSATS

TL-arbeidet er basert på etablert kunnskap som grunnlag for målretta førebygging av skader og ulykker.

### 2. TVERRSEKTORIELT SAMARBEID

TL-arbeidet er basert på samarbeid på tvers av fagdisiplin og -sektorar innafor kommunen, og samarbeid mellom offentleg, privat og frivillig sektor.

### 3. BREI MEDVIRKNING

TL-arbeidet er tufta på involvering av innbyggjarane generelt og utsette grupper spesielt, også med sikte på utjamning av sosiale forskjellar knytt til skader og ulykker.

### 4. LIVSLØPSBASERT FØREBYGGING

TL-arbeidet er forankra i eit livsløpsperspektiv, med målretting av førebyggingstiltak mot ulike aldersgrupper i forskjellige livsfasar – med varierende risikoprofil.

### 5. FORANKRA I POLITIKK OG PLAN

TL-arbeidet er forankra i den politiske leiinga og administrasjonen i kommunen, og mål og tiltak er nedfelt i kommunen sitt planverk.

### 6. FØREBILDER I FØREBYGGING

TL-kommunar etterlev offentlege krav og er føregangskommunar innafor systematisk førebygging av ulykker og skader.

### 7. KONTINUERLIG FORBEDRING

TL-kommunar brukar skaderegistreringar, eigenvurderingar og tilbakemelding frå innbyggjarane og andre aktørar til kontinuerleg forbetringar.

### 8. NYTTIG NETTVERK

TL-kommunar deltek aktivt i nettverket for Trygge lokalsamfunn, og bidreg med kunnskap- og erfaringsutveksling som kan styrke førebyggingsarbeidet i andre kommunar.